



Prosjektstyring Vest AS
Postboks 66
5318 STRUSSHAMN

Ikkje offentleg
§ 24 2. ledd 1. punktum

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/1059 - 17/15142

Saksbehandlar:
Tore Johan Erstad
tore.johan.erstad@meland.kommune.no

Dato:
21.07.2017

GBNR 22/218 - Orientering om avslutning av sak

Administrasjonen viser til brev datert 31.05.2017 med førespurnad om mogleg søknadspliktig tiltak, samt svarbrev frå Mjåtveit Næringspark AS (tiltakshavar) datert 09.06.2017. Saka gjeld avklaring av søknadsplikt/forureining knytt til utfylling mot vest i næringsområdet.

Tiltakshavar som svar til administrasjonen opplyst følgjande:

- Arbeida er ferdig med unntak av ein liten del av jordvollen som blir etablert i ytterkant av næringsparken. Arbeida starta i 2012.
- Arrondering av skråningane blei vurdert opp mot plangrunnlaget og gjennomgått med byggesak i Meland kommune. Det ble vurdert at det ikkje var trong for dispensasjonsvurdering. Skråninga og jordvollen i ytterkant av næringsparken er omsøkt og vist på alle byggesøknadsteikningar.
- jordmassane som er brukt for arrondering av skråning og jordvoll er reine lokale masser frå skogen der det er næringspark i dag.
- Ved oppstart av arbeida i næringsparken var det eit område som var blitt brukt til lagring av ureine masser. Alle ureine masser ble kjørt ut av næringsparken og levert til godkjent mottak.
- Vassbakk & Stol har etablert ein mindre voll ved botn av skråninga for å hindre avrenning til Dalstjørna, dette i samsvar med HHI rapport nr 214. Det blei avklart med Meland kommune at vollen ikkje var søknadspliktig. Innanfor næringsparken blir det etablert system for handtering av overvatn i takt med sal og utbygging av tomter.
- Tiltaket er elles i samsvar med godkjent byggesøknad, men naudsynt lokal tilpassing til terrenget på staden. Detaljinformasjon kan framskaffast av entreprenør.
- Under utarbeiding av reguleringsplanen blei det gjennomført risikovurdering for avrenning mot Dalstjørna. På bakgrunn av denne vurderinga blei det etablert jordvoll. Våtområdet i Dalstjørna er ikkje berørt av tiltaket.
- Alle grunnarbeid er utført av Vassbakk & Stol.

- Skråninga er i stor grad grodd att med stadeigen vegestasjon.

På bakgrunn av opplysningane ovanfor, finn administrasjonen ikkje grunnlag for ytterlegere oppfølging av saka. Vi ber om at tiltaket blir avslutta med ferdigattest på vanlig måte.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Tore Johan Erstad
Juridisk rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.